

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 20.11.2020
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Torunn Nilsen
SAKA GJELD: **Saker til oppfølging etter styremøte i Helse Vest RHF**

ARKIVSAK: 2020/810
STYRESAK: 131/20

STYREMØTE: 09.12. 2020

Administrerende direktør si orientering pkt. 5

Alle styreprotokollar for 2020 for 2020 er gjennomgått for å få oversikt over saker til oppfølging etter styremøte i Helse Vest RHF. I tillegg er oppfølgingspunktene som tidlegare har vore vist til på oversikten «Styresaker under arbeid» innarbeidd. Denne oversikten vil bli oppdatert etter kvart styremøte framover, og erstattar oversikten «Styresaker under arbeid».

Møtedato/Styresak/Sakstittel	Oppfølging	Status
5/2-20 Sak 008/20 AD si orientering pkt. 5 Revidering regional plan habilitering og rehabilitering	Statusgjennomgangen og forslag til ein oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering vil bli lagt fram for styret i Helse Vest innan utgangen av 2020. Styret ønskja at ein i statusgjennomgangen av tiltaka i planen tek omsyn til at brukarar og pårørande blir involvert i evaluering	Våren 2021 Fagavdelinga 9/12-20 Sak 131/20 AD si orientering pkt. 9 Status for revidering av regional plan for habilitering og rehabilitering og utsetting av til styret om ferdig revidert plan til i løpet av våren 2021

11/3-20 Sak 035/20 Styringsdokument 2020 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS	og vurdering av måloppnåing. Styret ønskja også ein tilbakemelding på når det er planlagt å revidere andre planer som går fram av styresak 58/19 frå mai 2019. Styret peika også på at i plan for habilitering og rehabilitering frå 2015, står det at tiltaka i planen skulle innarbeidast i styringsdokumenta. Dette er ikkje innarbeidd i styringsdokumenta for 2020. Styret ønskja at administrasjonen gjer ei vurdering av korleis ein kan sikre god etterleving av planen t.d. kan dette leggjast som eit tilleggspunkt til føretaksmøte i mai eller ta inn i den månadlege rapporteringa frå verksemda.	20/5-20 Sak 061/20 AD si orientering pkt. 5
5/2-20 Sak 009/20 Rapportering frå verksemda	Styret ønskja auka fokus på avansert oppgåveplanlegging. Styret ønskja at dette blir sett på agendaen under bolken om gevinstrealisering på førstkommande styremøte.	Første kvartal 21 MOT avdelinga

	Styret ønskja også ein sak om status i arbeidet med avansert oppgåveplanlegging og strategi for gjennomføring i føretaksgruppa.	
5/2-20 Sak 014/20 Budsjett 2020 for Helse Vest RHF – Administrasjonen	Styret ønskja ei sak om organisering av Helse Vest RHF, inkludert oppgåvefordeling, samhandling mellom avdelinga, roller og interaksjon med helseføretaka.	Saka blei delvis svart opp med rammeverk for verksemdsstyring. Internorganisering blir framlagt i februar 2021 MOT avdelinga
5/2-20 Sak 018/20 Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 01.10.2019	Vedtak 2. Administrasjonen i Helse Vest gjennomgår organisering av internrevisjonen i Helse Vest og kjem tilbake til styret med forslag til mandat for arbeidet. Styret slutta seg til dette og ba administrerende direktør om å sjå på alternative måtar å organisere internrevisjonsarbeid et på i Helse Vest. Administrerende direktør vil kome attende til styret med	11/3-20 Sak 033/20 AD si orientering pkt 6 Desember 2020 Økonomiavdelinga/ Eigaravdelinga Styresak med innstilling kjem frå Revisjonsutvalet.

	eit forslag til mandat for arbeidet.	
5/2-20 Sak 019/20 Vurdering av behov for revidering av regional plan for behandling og rehabilitering ved hjerneslag	På bakgrunn av at det no ligg føre nasjonale normerande dokument for heile behandlings- og rehabiliteringsforløpet ved hjerneslag, vurderer administrerande direktør at det ikkje er behov for å revidere den regionale planen for behandling og rehabilitering ved hjerneslag. På grunnlag av resultata frå målingane av pakkeforløpet for hjerneslag vil administrerande direktør i 2021 gjere ei ny vurdering av behovet for ein regional gjennomgang.	Vurdering i 2021 Fagavdelinga
5/2-20 Skriv og meldingar Skriv 01 – Brev frå Helse Bergen HF til Helse Vest RHF, Nasjonal sikkerhetspsykiatrisk og rettspsykiatrisk eining for born og ungdom – 060120	Styret ønskja ei styresak om ungdom i fengsel (i Helse Bergen) når organisatoriske og økonomiske forhold er avklart.	Første kvartal 2021 Fagavdelinga
11/3-20 Presentasjon av Helse Vest IKT AS og arbeidet med IKT regionalt og nasjonalt ved administrerande direktør i Helse Vest IKT, Erik M. Hansen	Styret blei orienterte om Riksrevisjonen si undersøking av IKT-tryggleik. Orienteringa blei gjennomført i lukka møte. Det vil bli rapportering på dei tiltak som blir sett i verk til HF-styra og Helse Vest RHF sitt styre.	Første kvartal 2021 Eigaravdelinga/Helse Vest IKT

11/3-20 Sak 036/20 Årleg melding 2019	Til neste år ønskja styret meir analyse av kvifor mål ikkje er nådd på dei områda der vi har svake leveransar i forhold til mål.	Mars 2021 Eigaravdelinga
11/3-20 Sak 039/20 Regional plan for kvalitet og pasienttryggleik	Styret ønskja at det ved neste revisjon av planen også blei lagt ved risikovurdering. 2. Styret ber om ein årleg rapportering av kvalitets- og pasienttryggleiksarbeid i Helse Vest som viser framdrift av tiltaka i planen. 3. Styret ber om at administrasjonen kjem tilbake med ein erfaringsrapport etter Koronapandemien, med læringspunkt og evaluering av erfaringane med pasienttryggleik knytt til pasientbehandling under utbrotet.	Ved neste revisjon av planen Fagavdelinga 15/4-20 Sak 051/20 AD si orientering pkt. 5, 6 og 7 20/5-20 Sak 061/20 AD si orientering pkt. 5 17/6-20 Sak 078/20 AD si orientering pkt. 5 2/9-20 Sak 096/20 AD si orientering pkt. 5, 6 og 7 28/9-20 Sak 106/20 Administrerende direktør si orientering pkt. 5 4/11-20 Sak 115/20 AD si orientering pkt. 6 9/12-20 Sak 131/20 AD si orientering pkt. 6 9/12-20 U. OFF Sak 147/20 Regional del-evaluering - handtering av Covid-19 i Helse Vest

20/5-20 Sak 066/20 Halvårleg fagspesifikk rapport om talet på eigne lærlingar og fagarbeidarar i helseføretaka	Styret var samde om at det er ønskeleg med ein meir omfattande sak om lærlingar og fagarbeidarar i helseføretaka ein gang i året. Denne saka må vere fagspesifikk i forhold til lærlingar og fagarbeidarar per HF, og gjere greie for strategi og utvikling. Denne saka kan erstatte halvårleg rapportering.	Årleg
20/05-20 Sak 069/20 Helse 2035 – status framdrift og tiltak	Tiltaka i Helse2035 vil bli rullert i Regional utviklingsplan. Styret peika på at tiltak som omhandlar samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunane må tydeleggjerast i dette arbeidet.	Regional utviklingsplan
2/9-20 Sak 098/20 Regional plan for psykisk helse – handlingsplan	Styret peika på at sjølv-mord blant unge er aukande, og at tilbodet til denne gruppa må finne sin form i det vidare arbeidet så dei som treng hjelp får det. • Styret vil understreke nødvendigheita av at alle pasientar får helsehjelp når dei har	4/11-20 Sak 126/20 Folkeopplysningskampanje for å førbyggje sjølv-mord Første kvartal 21 – rapport på framdrift Fagavdelinga/Kommunikasjonsavdelinga

	behov for det. Avklaringar om oppgåvedeling og vidareutvikling av samarbeidet med kommunehelsetenesta og fastlegar er viktig for dette. Helsefelleskapa kan nyttast i dette arbeidet, saman med ei rekke av tiltaka som går fram av handlingsplanen. • Styret peika på viktigheita av at pårørande blir involvert tett i oppfølging av pasientar innan psykisk helsevern. • Styret blir halde orientert om framdrift og oppfølging av tiltaka to gongar i året.	
	Handlingsplan for sikkerheitspsykiatri i Helse Vest	Februar 2021 Fagavdelinga
	Oversikt over stillingar og størrelse på stillingar per fag i helseføretaka	9/12-20 Sak 131/20 AD si orientering pkt. 7 MOT avdelinga
4/11-20 Sak 118/20 Revisjon av Helse Vest sin Inntektsmodell	1. Med bakgrunn i ny nasjonal inntektsmodell ber styret om ein gjennomgang og revisjon av inntektsmodell en i Helse Vest. 2. Styret ber administrerande direktør om å	Mai 2021 Økonomiavdelinga

	gjennomføre denne revisjonen slik at den kan bli nytta i den neste økonomiske langtidsplanen som styret skal vedta i juni 2021. 3. Styret ber om at ein på det prehospitale området vurderer om modellen tar omsyn til ulikt behov for tenester og ulikt kostnadsnivå på ein hensiktsmessig måte.	
4/11-20 Sak 121/20 AI og radiologi i Helse Vest	Styret tok orienteringssak om AI og radiologi i Helse Vest til etterretning og ber om ei ny orientering og tilråding når arbeidet med prosjekta innan radiologi er kome lengre (2021).	2021 Fagavdelinga

Forslag til tema på styreseminar/styremøte:

- Orientering om Luftambulansen HF (71/14)
- Forsking og innovasjon – satsing, strategi og samarbeid med universiteta (60/14) (95/19)
- Kultur for å dele og lære av kvarandre, med gode eksempel og erfaringsoverføring (42/15) (50/17) (95/19)

- Brei prioriteringsdiskusjon og vurdering av om det er aktivitet spesialisthelsetenesta skal prioritere ned/ikkje drive med lenger (130/16)
- E-resept, legemiddel knytt til pasienttrygleik, økonomi og kvalitet som tema på eit styreseminar, gjerne med innlegg frå Baard-Christian Schem og Erik M. Hansen (43/19) (95/19)
- Budsjett og rekneskap – økonomimodellen – budsjettprosessane (95/19)
- Bærekraft (95/19)
- Legemiddelberedskap (105/19)
- Risikostyring og risikovurdering (076/20 pkt. 5)
- Evaluering av pandemihandteringa (076/20 pkt. 5)